

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer:

Revisjon av vilkår for regulering av Åmelavassdraget i Vanylven og Volda kommunar

NVE avgjorde den 25.05.2021 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Åmela skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå kommunen og føringar frå NVE har Tussa Energi AS utarbeidd eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring og NVE inviterer alle som har interesse av saka til å uttale seg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside www.nve.no/konsesjonssaker. For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Revisjonsdokumentet er óg lagt ut til offentleg gjennomsyn i resepsjonane i kommunane Vanylven, Volda og Stad. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Terje Myklebust hos Tussa Energi AS, tlf 91516905 eller e-post: terje.myklebust@tussa.no.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 201907463 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Høyringsfristen er **1. november 2022**.

I samband med sakshandsaminga vil NVE arrangere ei synfaring.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gje ei innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.